



--

Arkiv saknr:	2014/2944
Løpenr.:	411/2015
Arkivkode:	92/2

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 92/2

Vedlegg:

- 1 Søknad om konsesjon for overtaking av gnr. 92/2, mottaken 17.12.2014
- 2 Gardskart gnr. 92/2
- 3 Gardskart heimeteigen gnr. 92/2

Dokument i saka:

Skøyte for erverv av gnr. 92/2, datert 27.12.2013

Eigenfråsegn om konsesjonsfridom for erverv av gnr. 92/2, datert 20.1.2014

Vedtak om rammeløyve på gnr. 92/2– riving og tilbygg/fasadeendring, datert 5.10.2009

Bakgrunn:

Gisle S. Gardsteig, Hommersåk søker om konsesjon på erverv av landbrukseigedomen Gunvaldjord gnr. 92/2 i Haukeli. Han er son til tidlegare eigar, og overtok eigedomen konsesjonsfritt i mars 2014 – på vilkår at han skulle busette seg på garden innan eit år. Han søker nå om konsesjon då han ønskjer utsetting av buplikta – til 1.7.2016.

Eigedomen er fordelt på fire teigar med samla areal på 17 341 dekar – der 23 dekar er dyrka mark og 578 dekar er produktiv skog, jf. gardskart. Innmarka er leigd bort til nabo, medan foreldra bur i kårhuset på garden. Dei driv elles med utleige av hytte, jakt og fiske.

Søker er i følgje søknad i gang med omfattande restaurering av våningshuset på garden. Han og familien vil flytte og busette seg fast på plassen når dette arbeidet er ferdig sommaren 2016.

Vurdering:

I følgje konsesjonsloven § 9, fjerde ledd skal søknader om konsesjon som gjeld nær slekt som ikkje skal oppfylle buplikta handsamast etter noko andre reglar enn ved ei vanleg søknad.

Dei skal då berre vurderast etter § 9 pkt. 2.3.5. Det skal då legges særlig vekt på:

2. om ervervets formål vil ivareta omsynet til busettinga i området,
3. om ervervet inneberer en driftsmessig god løysning,
5. om ervervet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning

I tillegg skal det blant anna skal "legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment".

Gisle S. Gardsteig med familie ønskjer å utsette tilflytting til eigedomen med 15 månader fram til 1.7.2016, medan dei restaurerer våningshuset på garden. Sakshandsamar ser på søknaden som eit ledd i eit smidig generasjonsskifte på garden - der det må vere rimeleg at neste generasjon får høve til å ruste opp eksisterande bustad til dagens standard før dei flytter. Etter overtaking har dei då i praksis samla sett 2 år og tre månader på jobben – som må vere eit greitt tidsperspektiv på eit slikt prosjekt. Dette er og i trå med praksis i andre tilsvarende saker i Vinje kommune dei siste åra.

Ein kan ikkje sjå at saka er i strid med omsynet til busettinga i området, eller andre moment etter konsesjonsloven § 9. Moment som søker sin tilknytning til eigedomen, hustilhøve og eigedomen sin storleik og avkastningsevne styrkjer søknaden. Ein vil tilrå konsesjon, med vilkår om buplikt i medhald av konsesjonsloven § 11.

Rådmannens framlegg til vedtak:

**Plan- og miljøutvalet gjev Gisle S. Gardsteig – i medhald av konsesjonsloven §§ 9 og 11 – konsesjon på erverv av gnr. 92/2 i Vinje kommune.
Det er eitt vilkår at søker må ta eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7.2016 – og bu der fast i minst fem år.**

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/